


Sluttrapport for «Entreprenøriell verktøykasse»



Kari Sletten Samland
Prosjektleder

Innhald

1. Bakgrunn.....	2
2. Avklaring av omgrepet «pedagogisk entreprenørskap».....	2
3. Hovudmål.....	3
4. Organisering.....	4
5. Verksemd/Resultat.....	4
6. Viktige erfaringar.....	6
7. Vegen vidare.....	9

1. BAKGRUNN

I Sogn regionråd arbeidar ein spesielt med barnehage- og skuleutvikling, gjennom programmet "System for styrka læring". Entreprenørskap er eitt av seks satsingsområde i utviklingsprogrammet. Arbeidet med entreprenørskap i skulen har ei solid forankring i regionen og ein finn det igjen i den generelle delen av læreplanen.


Prosjektet er eigd av Sogn regionråd og Ungt entreprenørskap i Sogn og Fjordane. Sogn regionråd er eit interkommunalt selskap og samarbeidsorgan for dei ni kommunane i indre Sogn; Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. UE sitt oppdrag og føremål er å styrke samarbeidet mellom skule og arbeidslivet. Gjennomføringa og utøvande part i dette prosjektet har vore Feios skule i Vik kommune.

Føremålet med «Entreprenøriell verktøykasse» har vore å finne ein måte å styrkje ei kopling mellom læreplanen og praksisen i undervisninga. Målet var å synleggjere korleis ein kunne oppnå spesifikke kompetansemål for kvart fag på 1.-10. trinn ved bruk av pedagogisk entreprenørskap som metode. Ein skal også dokumentere og vise døme på verktøy, arbeidsmåtar og metodar som skular kan nytte i arbeidet. Det er av regional, nasjonal og internasjonal interesse å kunne dokumentere desse to hovudmåla.

Opplæringslov, forskrifter og læreplanen gjeld for alle kommunane i landet, men i regionen vår handlar ikkje skuleeigarskapen berre om utdanning og danning. Vi har ei utfordringa med tanke på den negative folketalsutviklinga vi har sett i Sogn siste åra. Entreprenørskap i skulen gjer at born og unge får fleire gode relasjonar, fleire kjenningar og aktive opplevingar i eige lokalmiljø. Gjennom samarbeid med lokale arbeidsplassar kan elevane erfare den varierte arbeidsmarknaden som eksisterer på heimstaden, og dei kan lettare forstå moglegheitene for å eventuelt starte egne verksemder. Forsking viser at der skular samarbeider tett med eksterne aktørar, er det mindre fråflytting. Dette er ei av hovudårsakene til at Feios skule ynskte å leie dette prosjektet. Vik kommune og mange andre kommunar i regionen har slite med negativ folketalsutvikling over tid, og ein håpar at pedagogisk entreprenørskap skal kunne vere med å snu denne trenden.

2. AVKLARING AV OMGREPET «PEDAGOGISK ENTREPRENØRSKAP»

I fylgje Inger Karin Røe Ødegård som er Dr. Polit i pedagogikk, har pedagogisk entreprenørskap seks aspekt. «Entreprenøriell verktøykasse» har utfordra ein elev til å lage ein digital illustrasjon på dette som høver Feios skule:



Desse aspekta er grunnsteinane i pedagogisk entreprenørskap. Ein kan gjerne dele det i tre hovudpunkt:

- Kunnskapsutvikling basert på aktivitet og tverrfagleg/fleirfagleg samarbeid internt og med eksterne aktørar i lokalsamfunnet
- Medbestemming. Elevane deltek i planlegging og organisering. På denne måten får elevane oppleve demokratiske spelereglar.
- Utvikling av entreprenørielt handlingsmønster. Det vil seie at samanhengen mellom teori og praksis/røynda skal bli betre demonstrert.

(Haara, Røe Ødegård 2015)

Som ein ser, er pedagogisk entreprenørskap fyrst og fremst ein veldefinert arbeidsmetode. Det handlar om kva metodar ein nyttar for å oppnå læring og tileigne seg kunnskap. Ulike læringsprosessar kan gjerne bli definert som pedagogisk entreprenørskap sjølv om ikkje alle aspekta er oppfylt.

3. HOVUDMÅL

Føremålet med prosjektet at skulane skal bli meir entreprenørielle og utviklingsorienterte, og ein vil synleggjere korleis ein kan nå måla i læreplanen med entreprenørskap som metode.

- 1) Prosjektet skal synleggjere kva mål i dei spesifikke læreplanmåla for kvart fag på 1.-10. trinn i grunnskulen vi kan oppnå og realisere, med bruk av pedagogisk entreprenørskap som metode.

- 2) Prosjektet skal synleggjere, dokumentere og vise verktøy, arbeidsmåtar og eit utval av metodar skular kan nytte i arbeidet med å nå måla i læreplanen med bruk av entreprenørielle verktøy som metode.

4. ORGANISERING

Prosjektgruppe:

- Jarle Christensen, rektor ved Feios skule, Vik kommune,
- Kari Sletten Samland, prosjektleiar, lærar ved Feios skule, Vik kommune
- Kristian Bergstø, prosjektmedarbeidar, lærar ved Feios skule, Vik kommune
- Irene Helleland, ressurslærar UiU, Flatbygdi skule, Vik kommune
- Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane

Hausten 2017 slutta Jarle Christensen og Kari Sletten Samland overtok rektorrolla. Kari heldt fram som prosjektleiar.

Kristian Bergstø slutta også, og Are Ytre-Eide tok over rolla som prosjektmedarbeidar.

Referansegruppe:

- Odd Rune Turvoll, næringsjef i Vik kommune
- Bjarnhild Samland, oppvekstsjef i Vik kommune
- Frode Olav Haara, førsteamanuensis i matematikk ved Høgskulen på Vestlandet
- Hanne Hjelmeland Ørnehaug (tok over etter Claus Røynesdal), programleiar i System for styrka læring, Sogn regionråd
- Ingunn Marie Myren, rektor ved Leikanger ungdomsskule
- Ingvild Andersen, rådgjevar nærings- og kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

5. VERKSEMD/RESULTAT

Tid	Aktivitet	Skildring
8. september 2016	Fagnettverk i entreprenørskap i Sogndal	Presenterer «Entreprenøriell verktøykasse» og inviterer til samarbeid
12. september 2016	Leiarkonferanse til Hafs-kommunane i Førde	Føredrag
17. november 2016	Leikanger ungdomsskule, presentasjon av deira partarskapsavtalar	Rektor Ingunn Marie Myhren gir råd og tips

6. februar 2017	Møte i Sogndal: Diskusjon av samarbeid med Høgskulen på Vestlandet	Hanne Hjelmeland Ørnehaug, Frode Olav Haara, Eirik S. Jensen, Jarle Christensen
14.-15. februar 2017	Tur til Skåbu oppvekstsenter i Nord-Fron kommune	Innsyn i deira heilskaplege entreprenørielle plan
4. april 2017	Møte om Ripe-Prosjekt og Entreprenøriell verktøykasse	
4. mai 2017	Innvilga søknad til Lektor 2-ordninga	Utprøving av modell
8. juni 2017	Årsrapport	
24. august 2017	«Entreprenøriell verktøykasse» på PECK sitt fyrste styringsgruppemøte i Sogndal	Minipresentasjon for leiinga i prosjektet
oktober 2017	KS-prosjektet	Fokusgruppeintervju med elevar Intervju med leiing og tilsette Nettbasert spørjeundersøking Observasjonar
26. oktober 2017	Sagatun skule på besøk	Opplæring av STL+ knytta til entreprenørskap
29. november 2017	«Entreprenøriell verktøykasse» på PECK sitt fyrste prosjektmøte i Sverige	Presentasjon for leiing og undervisningspersonale
17. november 2017	Besøk av lærarstudentar ved HVL	Presentasjon og visning av pedagogisk entreprenørskap i praksis
22. november 2017	Presentasjon på IT-forum	Praktisk bruk av Ipad knytta opp mot entreprenørielle aktivitetar.
10. desember 2017	Administrasjonsmøte med alle rektorane i Vik	Presentasjon og statusoppdatering
30. januar 2018	Feios skule sin heilskaplege entreprenørskapsplan, utgåve 1.	Ferdigstilling av første utgåve.
31. januar 2018	Rektornettverk	Stor presentasjon med invitasjon til vidare samarbeid med alle skulane i regionen.
10. mars 2018	Sluttrapport	Ferdigstilling
21. mars 2018	Vik Utdanningsforbund årsmøte	Presentasjon

April 2018 -	Skulebesøk/presentasjonar/workshops	Feios skule stiller seg til disposisjon for andre skular i regionen
--------------	-------------------------------------	---

6. VIKTIGE ERFARINGAR

Generelle erfaringar når ein skal bli meir entreprenøriell og utviklingsorientert

Feios skule og dei fleste andre skular i regionen utøver pedagogisk entreprenørskap i større eller mindre grad. Gjennom «Entreprenøriell verktøykasse» har Feios skule hatt eit særleg fokus på å avdekkje grunnleggjande faktorar som gjer at ein kan lukkast med å utvikle pedagogisk entreprenørskap. Dette er erfaringar som er viktig å dele med andre skular. For å oppnå utvikling, lyt ein ha kollegiet med seg, og dette ansvaret ligg i stor grad på leiinga. Rektor har stor styringsrett, men det vil vere vanskeleg å lukkast om ein ikkje har eit personale som er motivert og engasjert. Det er viktig at leiinga trekkjer fram og rosar entreprenørielle aktivitetar som blir gjennomført. Dette kan gjerast i formelle settingar eller i uformelle samtalar på arbeidsrommet. Feios skule ser stor verdi av å diskutere, lufte idear og dele erfaringar i uformelle samankomstar i løpet av arbeidsdagen. Dette kan gjere utviklingsarbeidet meir effektivt og solid.

For nokre lærarar er det utfordrande å arbeide entreprenørielt, då lyt ein ha forståing for at desse treng ekstra støtte. Entreprenørskap handlar mellom anna om å gi elevane romslege (men tydelege) rammer, der dei skal ha medverknad og ansvar. Dette set store krav til læraren si evne til klasseleiing, spesielt dersom elevane ikkje er vane med desse arbeidsformene. I høve som dette, er det særleg viktig at ein støttar kvarandre slik at desse lærarane etter kvart blir trygge på denne arbeidsforma. Pedagogisk entreprenørskap treng ikkje alltid vere store tverrfaglege temaarbeid. Ein kan også drive entreprenørielt innanfor einskilde fag der ein har fokus på problemløysing, samarbeid, kreativitet og variasjon. Lærarar som er usikre, bør motiverast til å byrje i det små for så å utvikle seg gradvis. Når desse lærarane skal samarbeide med lokalsamfunnet, kan det vere lurt å velje eksterne samarbeidspartnarar som dei allereie kjenner.

Hausten 2016 vart det etablert kollegabasert rettleiing på Feios skule der hovudfokuset skulle vere å utvikle gode entreprenørielle prosessar saman med elevgruppene. Omtrent kvar månad blir det framleis danna nye par som observerer kvarandre på tvers av alle trinn. På slutten av kvar månad har ein ressurslærer ansvar for felles samtalar rundt observasjonane som er gjort siste perioden. Dette er utvilsamt eit uvurderleg forum for gode diskusjonar, drøftingar og innovative idear rundt skulen sin pedagogiske entreprenørskap og lærarane si klasseleiing.

I «Entreprenøriell verktøykasse» blir dette vurdert som ein sær viktig suksessfaktor. Kollegiet i Feios er blitt endå meir kollektivt orienterte, og ein har erfart at pedagogar som kanskje er ukomfortable/nølande til pedagogisk entreprenørskap, også opplever meistring og tru på arbeidsmetodane.

Ei anna, og velkjent, utfordring som ofte dukkar opp i samband med innføring av pedagogisk entreprenørskap, er at nokre lærar oppfattar dette som noko som kjem i tillegg til lærebøkene. Nokre lærarar er stressa over at dei ikkje rekk å gjere alle oppgåvene i bøkene, og dei ser gjerne ikkje heilt korleis dei skal klare å gjere entreprenørielle aktivitetar i tillegg. Men det er kompetansemåla i læreplanen som skal leggje føringar for undervisninga, ikkje lærebøkene. Dersom ein klarer å late kompetansemåla setje føringane, vil ein kunne oppleve at det er store moglegheiter for å skape varierte og spanande skuledagar både for elevar og læraren sjølv.

Utvikling av heilskapleg entreprenøriell plan

Med utgangspunkt i hovudmål 1: *«Prosjektet skal synleggjere kva mål i dei spesifikke læreplanmåla for kvart fag på 1.-10. trinn i grunnskulen vi kan oppnå og realisere, med bruk av entreprenørskap som metode.»*

Det har vore mange gode diskusjonar på korleis ein skulle nå denne målsetjinga i prosjektet. Tidleg i arbeidet såg ein føre seg at ein kunne systematisere alle entreprenørielle aktivitetar og synleggjere kva kompetansemål som kunne nåast for kvar einskild aktivitet. Fordelen med å gjere dette arbeidet vil vere at ein kan ettersjå om skulen er flink til å jobbe med varierte kompetansemål i entreprenørielle aktivitetar, eller om det viser seg å vere slik at ein alltid fell tilbake på dei same kompetansemåla.

Ei utfordring ved å utvikle ein slik plan, er at entreprenørskap i stor grad handlar om å gripe moglegheiter og knyte læringa til hendingar som skjer i samtida og hendingar som elevane engasjerer seg i. Då kan det kanskje synast noko motseiande å lage ein statisk plan som fokuserer på førehandsbestemte aktivitetar. For skuleleiar bør hovudmålsetninga vere at tilsette ved skulen *blir* pedagogisk entreprenørielle. Det må i alle høve understrekast at ein slik plan må vere tenkt som retningsgivande, og det må vere rom for å gjere andre aktivitetar som dekkjer tilsvarande kompetansemål.

Ei anna utfordring er at planen fort blir sær stor og vanskeleg å handtere, og ein uroar seg for at dette skal gjere planen lite brukarvenleg.

Det har blitt utvikla ein plan for skulen i Feios der ein har laga oversikt over dei største aktivitetane som er gjentakande og entreprenørielle. Kvar aktivitet har blitt sett inn i ein mal der ein skildrar aktivitetane og der ein syner til kompetansemåla som ein kan oppnå. Mange skular har erfart at entreprenørielle aktivitetar i stor grad er personavhengig. I planen som er utvikla, er det laga ei oversikt over dei store entreprenørskapsaktivitetane, og ein har knytt lærarstillingar til kvar aktivitet. På denne måten skal ein sikre seg at aktivitetane held fram trass eventuelle endringar i personalet.

Som mange veit, er ei fagfornyng på gong. I 2019 får skulane den nye læreplanen og frå hausten 2020 skal denne vere gjeldande. I samtalar med andre lærarar og rektorar frå ulike skular i regionen, er det ei felles forståing for at ein difor vil avvente utarbeidinga av ei systematisering som er skildra her. På rektornettverk 31. januar 2018 blei det synleggjort korleis ein kan bruka malen som er utvikla, når ein skal førebu lærarane på den nye læreplanen. Dette vil gje lærarane eit verdifullt innblikk i den nye læreplanen, og ein vil samstundes gjere ei viktig kartlegging av entreprenørskap på skulane.

I framtida kan ein tenkje seg at det blir laga ein database der ein kan søkje på aktivitetar knytt til ulike trinn, der dei spesifikke kompetansemåla blir synlege. Det vil også vere mogleg å søkje på kompetansemål, og få fram ulike entreprenørielle aktivitetar som kan nyttast. Ein slik database bør då vere ein plattform på tvers av mange skular. Her kan ein tenkje regionalt og nasjonalt.

«Entreprenøriell verktøykasse» i regionen

Med utgangspunkt i hovudmål 2: *«Prosjektet skal synleggjere, dokumentere og vise verktøy, arbeidsmåtar og eit utval av metodar skulane kan nytte i arbeidet med å nå måla i læreplanen med bruk av entreprenørielle verktøy som metode»*

Som sagt tidlegare, er dette den delen av prosjektet som vekker mest åtgåum hjå kollegaer i regionen. Når den «Entreprenørielle verkøykassen» har vore på oppdrag, har det vore mest interesse for å høyre om Feios sine spesifikke aktivitetar. Skulane engasjerer seg og ser på moglegheitene for å tilpasse aktivitetane til eige nærmiljø.

Feios har brukt mykje tid på å teste ut ulike modellar og verktøy. Nysgjerrigper-metoden, Lektor2-modellen, Ungt Entreprenørskap sine eigne partnerskapsavtalar og Feios sine eigen «Entreprenørielle entré» er modellar som blir trekt fram når «Entreprenøriell verktøykasse» er på ulike oppdrag. Ein erfarer at sjølv om dei fleste er relativt kjende modellar, så set pedagogar pris på å få innsikt i konkrete aktivitetar der desse modellane blir brukte.

I starten på prosjektet håpte ein at ein skulle få tid til å reise rundt til ulike skular i regionen for å vise korleis dei kan gjere entreprenørielle aktivitar ut frå sine eigne føresetnader. Dessverre har ein ikkje fått til dette innanfor tidsrammene, men på rektornettverk 31. januar 2018 og på mail tilbyr Feios skule at rektorane i regionen kan ta kontakt dersom dei ynskjer støtte i eige utviklingsarbeid. Feios skule tilbyr då møte med leiing, møte med pedagogar i form av føredrag eller workshops. Nokre rektorar har allereie bestilt malar og planar som er utvikla, og nokre har vist interesse for å invitere «Entreprenøriell verktøykasse» på besøk.

«Entreprenøriell verktøykasse» i Noreg

Gjennom Frode Olav Haara i referansegruppa, vart det etablert kontakt med Eirik Sørnes Jensen frå HVL. Jensen er medansvarleg for eit KS fou-prosjekt kalla Pedagogisk entreprenørskap. Denne forskinga skal bidra til å utvikle ei felles forståing av omgrepet pedagogisk entreprenørskap ved å belyse fylgjande problemstillingar:

- Korleis kan elevane utvikle omstillingsevne gjennom å jobbe med entreprenørskap?
- Korleis kan lærarane utvikle ein entreprenøriell didaktikk?
- Kva betydning har leiinga for at skolen legg vekt på entreprenørskap og innovasjon?
- Korleis kan skulen opne sin praksis mot lokalsamfunnet gjennom entreprenørskap og innovasjon?

Jensen og kollega Arnstein Kårstein ved Østlandsforskning, har gjennomført ulike undersøkingar både av elevar, lærarar og rektor. Dette samarbeidet har vore særskildt givande og utviklande for «Entreprenøriell verktøykasse». Jensen og Kårstein har hatt den teoretiske tyngden, og dei har stilt viktige spørsmål som har ført til gode diskusjonar og refleksjonar i

etterkant. Både lærarar og elevar har fått sett teori og praksis i nærare samanheng, og ein har avdekka tankar og grunnverdiar som allereie er etablert i skulen sin kultur, men som ein ikkje har vore medviten på.

I juni 2018 skal rapporten for dette prosjektet stå ferdig. Januar 2018 deltok Jensen på Skoletinget som årleg blir arrangert av KS. Då løfta han fram Feios skule og arbeidet som er blitt gjort gjennom «Entreprenøriell verktøykasse».

«Entreprenøriell verktøykasse» i Norden

Frode Olav Haara har vore særst inspirerende, støttande og engasjert i prosjektet. Gjennom samarbeidet med Haara, har Feios skule og Leikanger ungdomsskule (rektor Ingunn Marie Myhren sit også i referansegruppa) fått moglegheit til å ta del i eit Erasmus+-prosjekt kalla PECK - Pedagogical Entrepreneurship Through Content Knowledge. I samarbeid med grunnskular og høgskular frå Sverige og Danmark forskast det no på entreprenørielle aktivitetar med hovudfokus på naturfag, matematikk og norsk/svensk/dansk. PECK går over 2 år, og skal munne ut i ein antologi om viktige suksessfaktorar for å lykkast med entreprenørskap. Slik sett, har «Entreprenøriell verktøykasse» absolutt lukkast med å nå ut i Norden med eigne erfaringar og idear. Og endå betre; «Entreprenøriell verktøykasse» kan få hente heim spanande tankar og idear frå nabolanda.

7. VEGEN VIDARE

Feios skule vil jobbe vidare med «Entreprenøriell verktøykasse» i tida som kjem. Gjennom dette prosjektet har skulen fått ei unik moglegheit til å utvikle seg sjølv og setje fokus på didaktikken som elevane møter. Prosjektet har bidrege til at skulen har fått gode rutinar som sikrar utvikling på området. Skulen vil halde fram med kollegabasert rettleiing og vidareutvikle den heilskaplege entreprenørielle planen, då ein heilt sikkert vil gjere seg nye tankar og idear etter kvart som ein får fleire erfaringar.

Gjennom regionale fagnettverk i regionen vil Feios skule tilby ulike kurs/møte/erfaringsdeling og formidling til andre skular i og utanfor regionen i tett samarbeid med programleiar i Sogn regionråd. Desse tilboda vil bli skreddarsydd etter behov. Feios skule har alltid vore positiv til å dele erfaringar og kunnskap, slik vil det også vere i framtida. Ved Feios skule er det tru på at erfaringsdeling på tvers av skular skapar motivasjon for vidare utvikling i eigen organisasjon. Det er viktig å hugse at det er ikkje berre elevar som tileignar seg kunnskap, kjenner seg som ein ressurs, utviklar identitetskjenninga si, utviklar stoltheit og demokratiske evner ved å samarbeide med eksterne aktørar. Det gjeld også pedagogar og skuleleiarar.

Omtale av prosjektet og dokument som synleggjer eit utval av metodar skular kan nytte i arbeidet med å nå mål i læreplanen med bruk av entreprenøriell verktøykasse som metode, vil etter kvart bli tilgjengelege via nettsidene Sogn regionråd nyttar som formidlingsarena. Sentrale suksesskriterium i dette utviklingsarbeidet har vore det nære samarbeid med andre kunnskaps- og utviklingsorienterte partnarar. Høgskulen på Vestlandet, Ungt entreprenørskap og Sogn regionråd har gjennom sine samarbeid utvikla god kvalitet på sine prosjekt, noko dei skulefaglege resultata i regionen syner. Satsinga på entreprenøriell verktøykasse med Feios skule i spissen vonar ein har vore eit skulefagleg og utviklande bidrag inn mot regionen og

fylket, både fagleg og identitetsskapande med tanke på busetnad og utvikling for framtida sine skapande lokalsamfunn.